

HELSE- OG OMSORGSDEPARTEMENTET
Postboks 8011 Dep
0030 OSLO

Att.Gitte Huus

Dykkar ref.: 22/2615	Vår ref.: 2023/743 11969/2023	Saksbehandlar: - Ola Jøsendal	Dato: 06.11.2023
--------------------------------	--	---	----------------------------

Høyringsvar, rapport 'Forenkle og forbedre'

Helse Vest RHF takker for å bli invitert til å avgje høyringsvar vedkomande rapporten 'Forenkle og forbedre', utarbeidd av eit ekspertutval for tematisk organisering av psykisk helsevern. HOD etterspør særleg innspel til dei to områda 'Forenkle og forbedre inntak og utredning', og 'Prinsipper for tematisk organisering av behandlingstilbudet.

Oppsummering

Helse Vest støtter Ekspertutvalet si tilnærming om at organisering av tenestene bør kunne bli organisert ut frå andre kriterier enn diagnosar eller behandlingsformer. Helse Vest støtter også Ekspertutvalet sitt fokus på å bygge opp dei kommunale tenestene, og samhandlinga mellom pasient, pårørande, primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Slik samhandling kan bli realisert mellom anna gjennom bruk av digitale helsetenester, og med støtte i strukturar som til dømes 'Barn og unges helseteneste' slik det er gjort i Helse Fonna.

Helse Vest RHF støtter ikkje Ekspertutvalet sine forslag knytta til mogeleg forenkling og forbetring av arbeidet med inntak og vurdering. Helse Vest meiner at forslaga ikkje vil føre til forenkling, snarare tvert imot. Helse Vest meiner også at forslaga vil føre auka ressursbruk, ikkje redusert. Ressursane som skal til for å endre arbeidet med inntak og vurdering i den retning Ekspertutvalet foreslår kan føre til forbetring, men neppe så stor forbetring av det forsvarer auken i ressursbruk.

Helse Vest RHF støtter rasjonale bak prinsippa for tematisk organisering av behandlingstilbudet, men meiner at dei målsettingane som Ekspertutvalet drøfter kan bli nådd gjennom oppretting av team innanfor dagens organisering av behandlingstilbudet. Helse Vest meiner også at behandlingstilbudet allereie beveger seg i retning av team-organisering og tilbod om behandling i tråd med prinsippa for tematisk organisering.

Innspel til kapittel 5

I ingressen til kapittel 5 er første setning slik: *'Utvalget mener at dagens ressursinnsats til avklaring og utredning av nye pasienter ved oppstart av pasientforløp er for stor, sett opp mot den samlede*

kapasiteten til å gi virksom behandling. Etter Helse Vest si vurdering er dette ein påstand som ikkje blir underbygd med fakta i rapporten. Rapporten omhandler innhald og kvalitet av inntaks- og vurderingsarbeidet, ikkje faktabasert drøfting av ressursbruken til inntaksarbeid relatert til dei totale ressursane som er tilgjengeleg. Det er fleire slike påstandar i rapporten som ikkje blir underbygd med fakta. Dette svekker totalinntrykket av rapporten.

I kapittel 5.2, siste avsnitt side 68, stiller Ekspertutvalet spørsmålsteikn ved kvaliteten i dei vurderingane som blir gjort ved inntak. Ekspertutvalet referer til ein publikasjon av Nymoene og medarbeidarar frå 2022, i tidsskriftet 'BMC health services research'. I publikasjonen har forfattarane ettergått i kva grad vurdering av hastegrad basert på tilvising korrelerer med hastegrad basert på møtet med pasienten. I 54% av tilfella er det samsvar, i 27% av tilfella blir hastegraden justert opp, og i 19% tilfella blir hastegraden vurdert ned. I tillegg er det slik at det er i dei minst alvorlege tilfella at hastegraden blir vurdert opp. Etter Helse Vest si vurdering er publikasjonen til Nymoene og medarbeidarar i stor grad dokumentasjon på god vurdering av tilvisingane.

I faktaboks på side 74 legg Ekspertutvalet fram forslag om at vurdering av tilvisingar bør skje tematisk, og at arbeidet i større grad skal bli basert på samtalar med tilvisar, pasient og pårørande. Vidare blir det lagt fram forslag om at føretaka opretter eigne tilvisings- og avklaringsteam i kvart føretak. Etter Helse Vest si vurdering er det vanskeleg å sjå at dette skulle føre til mindre bruk av ressurser i inntaksarbeidet, snarare tvert imot. PHV nasjonalt er i stor grad sett saman av relativt små einingar i DPS struktur. Etter Helse Vest RHF si vurdering er potensialet for å setje saman team i inntaksprosessen slik Ekspertutvalet føreslår, relativt lite.

Innspel til kapittel 6

I kapittel 6 drøfter Ekspertutvalet prinsippa for tematisk organisering. I kapittel 6.1 legg Ekspertutvalet nokre prinsipp til grunn for drøftinga, mellom anna utsagnet '*I en desentralisert tjeneste er det en krevende oppgave å etablere god tilgang på kunnskapsbasert behandling.*' Helse Vest RHF stiller seg undrande til utsagnet. Det er generelt ei utfordring å rekruttere behandlarar med høg kompetanse innan psykisk helsevern, men når ein yter helsetenester er det same krav til kunnskapsbasert behandling uavhengig av grad av sentralisering. Etter Helse Vest si vurdering drøfter Ekspertutvalet i større grad trongen for behandlarteam enn trongen for tematisk organisering. Det er vanskeleg å sjå at organiseringa av psykisk helsevern i dag er til hinder for å opprette team som vil kunne gje dei gevinstane Ekspertutvalet forventer gjennom tematisk organisering. Ekspertutvalet har til dømes ikkje gjort tilstrekkeleg greie for kvifor ein tilrår tematisk organisering av stemnings- og psykoselidingar. Det er uklart kva problem som skal løysast og dermed uklart kva tematisk organisering vil gje av gevinst.

Vennleg helsing

Inger Cathrine Bryne
administrerende direktør

Ola Jøsendal
Ass fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent av: Inger Cathrine Bryne administrerende direktør

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemdar: [eDialog](#)
- Offentlege verksemdar: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

